



Arkoconsult
Pb 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/1715 - 16/11560

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
09.09.2016

Byggesak Gbnr 45/450 Manger - Selfallet Nord - tremannsbustad - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 263/2016

Saksutgreiing:

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtaka i saka datert 24.09.2015. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredstillande tryggleiknivå og har identifisert attståande arbeid som følgjande:

- Ferdigstilling av VVA-anlegg Selfallet bustadfelt (mellombels bruksløyve er gitt 19.02.2010.)
- Leik 02 er ikkje ferdig opparbeidd
- Vegar, gangvegar og parkeringsplassar er ikkje ferdige
- Område for grønstruktur er ikkje ferdig opparbeidd.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve mellombels bruksløyve for gnr. 45 bnr. 450 i Radøy kommune på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 09.09.2017.
2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaming av mellombels bruksløyve:
Kode 10.2.8 Delt sakshandsaming (mellombels bruksløyve) kr. 2 700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap. 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskild løyve (jf. Pbl. § 20-1 d).

Skildring:

Adresse:	Selfallet 12
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Rekkehus/300532742
Bruksareal:	80 m ²
Avløp:	Privat avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vassverkstilknyting
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Selfallet 14
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Rekkehua/300532760
Bruksareal:	74 m ²
Avløp:	Privat avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vassverkstilknyting
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Selfallet 16
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Rekkehus/300532757
Bruksareal:	80 m ²
Avløp:	Privat avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vassverkstilknyting
Tal på røykløp:	1
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Uthus/sportsbod/300532844
Bruksareal:	5 m ²
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Uthus/sportsbod/300532854
Bruksareal:	5 m ²

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arkoconsult
Selfallet Nord AS

Pb 103

5291

VALESTRANDSFOSEN